

Møteprotokoll

Utval: Stølsheimen verneområdestyre
Møtestad: Vossestølen Hotell, Voss - Oppheim
Dato: 12.11.2014
Tidspunkt: 10:00 – 13.00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Hans Erik Ringkjøb	Nestleiar	VOSS
Marta Finden Halset	Leiar	VIK
Oddvar Østerbø	Medlem	HØY

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Karen Marie Hjelmseter	MEDL	SFFK
Knut Moe	MEDL	MODA
Silje Hjemdal	MEDL	HOFK

Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Liv Anne Aanesen	Knut Moe	MODA

Merknadar

Frå kl. 11.30 til 12.30 var det kurs i føring av elektronisk reise- og honorarskjema. Kurshaldar var Liv Janne Steig.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Sekretær

Andre:

Kristoffer Ullern Hansen SNO, Aurland
Veronika Seim Bech landbrukssjef Vik kommune
Liv Janne Steig Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 18/14	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 19/14	Underskrift av protokoll frå forige møte		
ST 20/14	Stølsheimen landskapsvernområde - merking av tursti frå Finnbunuten til Sendedalen		2014/2092
ST 21/14	Stølsheimen landskapsvernområde - ny behandling av søknad om dispensasjon for vassdragsregulering i Breidalselva i Ortnevik		2013/1592

Orientering

Tiltaksplan for 2015

Forvaltar og SNO orienterer om gjennomførte tiltak i 2014, og trong for tiltak i 2015. Tiltaksplan for 2015 vert lagt fram som sak på møte 16. desember.

Midlar til drift av verneområdestyret.

Forvaltar la fram forslag til budsjett for drift av Stølsheimen verneområdestyre for 2015 i møte. Styret hadde ikkje innvendingar til framlagt budsjett. Forvaltar sender budsjettet til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, som sender samla bestilling til miljødirektoratet.

ST 18/14 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 12.11.2014

Vedtak

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

ST 19/14 Underskrift av protokoll frå forige møte

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 12.11.2014

Vedtak

Protokoll for styremøte 15.09.14 og 30.09.14 vart underskivne.

ST 20/14 Stølsheimen landskapsvernområde - merking av tursti frå Finnbunuten til Sendedalen

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 12.11.2014

Handsaming i møte.

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre avslår søknad om merking av tursti frå Finnbunuten til Sendedalen, og oppsett av retningskilt. Avslaget er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt IV nr. 1.

ST 21/14 Stølsheimen landskapsvernområde - ny behandling av søknad om dispensasjon for vassdragsregulering i Breidalselva i Ortnevik

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 12.11.2014

Handsaming i møte

Styremedlemane la fram fylgjande framlegg til vedtak i møte:

Stølsheimen verneområdestyre gjev Småkraft AS dispensasjon frå verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48, 1. ledd fyrste alternativ, for å kunne realisere ei mindre tilleggsutbygging i Breidalselva som del av Trolleholselva småkraftverk i Ortnevik.

Vilkår for løyvet:

- **Anlegget skal utførast i tråd med plan utarbeid av Småkraft AS datert 07.06.13.**
- **Den synlege delen av inntaksdammen/magasinet skal plastrast med naturstein.**
- **Arbeidet skal utførast på ein skånsam måte for å unngå inngrep i naturen utover det som er strengt naudsynt.**
- **Området med inntaksdammen skal ryddast opp straks anleggsperioden er avslutta.**

Styret si vurdering som bakgrunn for vedtaket

Det omsøkte tiltaket i Breidalselva ligg i all hovudsak utanfor verneområdet med unntak av deler av demningsmur som ligg i grensa for verneområde, samt inntaksmagasin med eit vasspeil som strekk seg om lag 10 m inn i verneområde (jf. kart og illustrasjon). Breidalselva skal samkøyrast med utbygginga i Trolleholselva for å vere med og sikre økonomien i kraftverket, og desse vassdraga må såleis ha vassinntak på same høgdekote.

Verneområdestyret viser til animasjonsteikning, konsesjonssøknaden og orientering frå styremedlem som har vore på synfaring. På grunnlag av dette meiner verneområdestyret at tiltaket er eit lite inngrep som påverkar landskapet i svært liten grad, og som i liten grad vil vere synleg.

Kunnskapen om området, jf. naturmangfaldlova § 8, er godt kjent for å kunne vurdere denne saka. Det er ikkje kjente førekomstar av raudlisteartar eller utvalde naturtypar i

dette området (jf. Naturbase, Artskart og konsekvensutgreiinga i samband med konsesjonssøknaden frå Småkraft AS). Tiltaket påverkar verneverdiane i svært liten grad, og er ikkje i strid med føre-var-prinsippet jf. naturmangfaldlova § 9. Styret viser også til naturmangfaldlova § 10 og meiner å ha god kunnskap om tiltaket og den påverknad det kan ha på verneverdien. Utbygginga gjev minimal belastning på området, og tiltaket i Breidalselva har avgrensa konsekvensar for verneverdiane. Styret meiner at eit slikt marginalt inngrep ikkje fører til presedens. Dispensasjonen frå styret tek også omsyn til naturmangfaldlova § 11 og 12, med krav til driftsmetode og teknikk som gir minst mogleg skade på naturmiljøet, jf. også vilkår for dispensasjonen. Kostnadene med å hindra og avgrensa skader på naturmiljøet skal berast av tiltakshavar jf. vilkår for dispensasjonen.

Styret ynskjer å peika på at småkraft er ei satsing frå grunneigarane i bygda Ortnevik, som er i tråd med Stortinget sin strategi for å auka fornybar energiproduksjon, jf. ordninga med grønne sertifikat. Prosjektet er òg i tråd med overordna ynskje om å nytta naturressursane lokalt, på linje med stølsdrift, jakt, reiseliv m.m. Grunneigarane legg til grunn for tiltaket at tilleggsutbygginga i Breidalselva vil sikre økonomien i kraftverket i Trollehonselva, som har fått konsesjon (23.05.2013). Breidalselva skal samkøyrast med utbygginga i Trollehonselva, og desse vassdraga må såleis ha vassinntak på same høgdekote.

Ut frå ei samla vurdering meiner styret difor at verneverdiane i svært liten grad vil verta påverka av dette tiltaket, og at det heller ikkje er i strid med verneføremålet for Stølsheimen landskapsvernområde.

Framlegg til vedtak vart samrøystes godkjent.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre gjev Småkraft AS dispensasjon frå verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48, 1. ledd fyrste alternativ, for å kunne realisere ei mindre tilleggsutbygging i Breidalselva som del av Trollehonselva småkraftverk i Ortnevik.

Vilkår for løyvet:

- Anlegget skal utførast i tråd med plan utarbeid av Småkraft AS datert 07.06.13.
- Den synlege delen av inntaksdammen/magasinet skal plastrast med naturstein.
- Arbeidet skal utførast på ein skånsam måte for å unngå inngrep i naturen utover det som er strengt naudsynt.
- Området med inntaksdammen skal ryddast opp straks anleggsperioden er avslutta.

Styret si vurdering som bakgrunn for vedtaket

Det omsøkte tiltaket i Breidalselva ligg i all hovudsak utanfor verneområdet med unntak av deler av demningsmur som ligg i grensa for verneområde, samt inntaksmagasin med eit vasspeil som strekk seg om lag 10 m inn i verneområde (jf. kart og illustrasjon). Breidalselva skal samkøyrast med utbygginga i Trollehonselva for å vere med og sikre økonomien i kraftverket, og desse vassdraga må såleis ha vassinntak på same høgdekote.

Verneområdestyret viser til animasjonsteikning, konsesjonssøknaden og orientering frå styremedlem som har vore på synfaring. På grunnlag av dette meiner

verneområdestyret at tiltaket er eit lite inngrep som påverkar landskapet i svært liten grad, og som i liten grad vil vere synleg.

Kunnskapen om området, jf. naturmangfaldlova § 8, er godt kjent for å kunne vurdere denne saka. Det er ikkje kjente førekomstar av raudlisteartar eller utvalde naturtypar i dette området (jf. Naturbase, Artskart og konsekvensutgreiinga i samband med konsesjonssøknaden frå Småkraft AS). Tiltaket påverkar verneverdiane i svært liten grad, og er ikkje i strid med føre-var-prinsippet jf. naturmangfaldlova § 9. Styret viser også til naturmangfaldlova § 10 og meiner å ha god kunnskap om tiltaket og den påverknad det kan ha på verneverdien. Utbygginga gjev minimal belastning på området, og tiltaket i Breidalselva har avgrensa konsekvensar for verneverdiane. Styret meiner at eit slikt marginalt inngrep ikkje fører til presedens. Dispensasjonen frå styret tek også omsyn til naturmangfaldlova § 11 og 12, med krav til driftsmetode og teknikk som gir minst mogleg skade på naturmiljøet, jf. også vilkår for dispensasjonen. Kostnadene med å hindra og avgrensa skader på naturmiljøet skal berast av tiltakshavar jf. vilkår for dispensasjonen.

Styret ynskjer å peika på at småkraft er ei satsing frå grunneigarane i bygda Ortnevik, som er i tråd med Stortinget sin strategi for å auka fornybar energiproduksjon, jf. ordninga med grønne sertifikat. Prosjektet er òg i tråd med overordna ynskje om å nytta naturressursane lokalt, på linje med stølsdrift, jakt, reiseliv m.m. Grunneigarane legg til grunn for tiltaket at tilleggsutbygginga i Breidalselva vil sikre økonomien i kraftverket i Trolleholselva, som har fått konsesjon (23.05.2013). Breidalselva skal samkøyrast med utbygginga i Trolleholselva, og desse vassdraga må såleis ha vassinntak på same høgdekote.

Ut frå ei samla vurdering meiner styret difor at verneverdiane i svært liten grad vil verta påverka av dette tiltaket, og at det heller ikkje er i strid med verneføremålet for Stølsheimen landskapsvernområde.